

Interessant om vassforsyning og utbygging!

02.02.2017



Svært interessant om vassforsyng ved Hans Reidar Kjærland.

- Dette er ein unik mulighet til å sikra bygda nok drikkevatn langt inn i framtida, sa mellom anna vassverksleiar Hans Reidar Kjærland om vasskjelda som er dukka opp i samband med bygginga av Tverrelva kraftverk. Han la til at han hadde godt håp om at dei skulle få det til.



Og Oddbjørn Kroka i Ospelunden fulgte opp med eit svært interessant innlegg.

Hans Reidar Kjærland var ein av føredragshaldarane på temamøtet om vassforsyning og utbygging i etterkant av årsmøtet i UU onsdag kveld. Han gav først tilhøyrarane ei grundig innføring i både historien til Uskedal vassverk, korleis det fungerer i dag og utfordringane som ein får framover. Det trengs mellom anna store investeringar på røyrleidningen på Eik. I tillegg treng ein meir og sikrare drikkevatn. Ulike reservevasskjelder har også vore vurdert.

Derfor var vasskjelda som dukka opp på Haugland svært kjærkommen. Til no er det svært positive signal når det gjeld både kvalitet og vassmengde. Han sa vidare at dette måtte kartleggjast nøgnare gjennom ein lengre periode som han anslo til eit års tid.

- Prøvane til no viser at vatnet er gullande reint. Ph'en er 7, og det fanst ikkje bakteriar i prøvane vi har teke. Truleg er det nok vatn i denne kjelda til å dekka heile bygda, men vi vil framleis bruka frå Eikeelva om det vert utbygging. Dette er ein kjempesjanse for bygda vår som andre har god grunn til å misunna oss, sa vassverksleiaaren optimistisk om funnet samstundes som han sa at utbygginga ville vera gunstig økonomisk m.a. sidan det truleg vart behov for eit høgdebasseng mindre. Han sa også at dette var ei mykje tryggare drikkevasskjelde sidan det var grunnvatn og ikkje overflatevatn som i Eikeelva.



Interesserte tilhøyrarar.

Ein av dei som verkeleg håpar på ei snarleg og god vassverksløysing er utbyggjar Oddbjørn Kroka i Ospelunden byggjefelt som var den andre føredragshaldaren. Han kunne innleatingsvis fortelja at det no minka på dei 24 einingane som dei hadde fått igangsetjingsløyve på i byggjetrinn ein.

- Derfor er det veldig nær at vi må vidare opp gjennom feltet. Søknad om igangsetjingsløyve er sendt i dag slik at vi kan koma i gang med byggjing av vegar, sa han om det som vil skje framover.

Han sa vidare at det var nok vatn til drikkevatn. Utfordringa var å løysa det som vart kravt som brannvatn. Her kunne han fortelja at vart det diskutert ulike løysingar, men det var utfordrande, og til liks med vassverkssjefen håpa han også på ei god løysing.

Gledeleg var det også å høyra at 2 av leilighetene i tremannsbustaden som dei nett har starta bygginga på, er selde. Han kunne i tillegg fortelja om stor interesse for den øvre delen av feltet. Allereie no hadde han 10-12 på lista som var interessert i å kjøpa tomt der.

Det var svært interessant å høyra det både Oddbjørn Kroka og Hans Reidar Kjærland hadde å fortelja. Bodskapen begge kom med, vil ha svært stor betydning for utviklinga i Uskedalen framover.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland